



Ekstraordinært årsmøte

Ørsta idrettslag

3.9.2018

Kl. 19.00 i klubbhuset

Ekstraordinært årsmøte i Ørsta idrettslag

Måndag 3. september 2018 kl. 19.00 i klubbhuset.

Sakliste

Sak 1: Godkjenning av røysteføre.

Sak 2: Godkjenning av innkallinga, forretningsorden (sjå neste side) og saklista.

Sak 3: Val av ordstyrar, møtesekretær og to representantar til å skrive under protokollen.

Sak 4: Alternative løysingar til anlegg for fotball og friidrett. Saksdokument vedlagt.

I hovudstyremøte 20. august gjorde hovudstyret slikt vedtak:

Forslag til vedtak i ekstraordinært årsmøte 3.september 2018:

Hovudstyret ynskjer å arbeide målretta for å utvikle Ørsta Idrettslag sine anlegg for å møte behova vi ser for framtida.

Vi ynskjer å oppretthalde aktiviteten innanfor alle grupper vi har i dag. Når det gjeld alternative løysingar til anlegg for fotball og friidrett ynskjer hovudstyret følgande framdriftsplan:

1. ny kunstgrasbane sør/aust for elva (Mosflata)
2. tribuneanlegg Aurstad Arena
3. oppgradering/masseutskifting grasbana

Styret ber årsmøtet om fullmakt til å setje ned ei gruppe til å arbeide vidare med saka. Grappa rapporterer til hovudstyret. Saka vert å legge fram på ordinært årsmøte i mars 2019.

For hovudstyret i ØIL

Leiar
Erlend Andersen

Forslag til forretningsorden (møtereplane):

1. Ingen har til vanleg rett til meir enn 3 innlegg i same sak. Ordstyrar kan gjere framlegg om avgrensa taletid og/ eller strek for dei innmelde talar. Replikkar og merknadar til forretningsorden skal vere korte.
2. Alle framlegg må leverast skriftleg til ordstyrar og vere underteikna av framleggar(ane).
3. Etter at strek er sett, eller at saka er teken opp til røysting, kan tidlegare framlegg ikkje trekkast tilbake- og nye framlegg kan ikkje settast fram.
4. På årsmøtet kan det ikkje handsamast forslag om lovending som ikkje er oppført på utsend/ kunngjort sakliste. Andre saker kan handsamast når 2/3 av dei med røyserett på årsmøtet vedtek det, ved godkjenning i saklista.
5. Alle vedtak og val vert avgjort med fleirtal av dei avgjevne røyser, med dei unntak som er fastsett i lova. Ved røystelikskap fell framlegget. Blanke røyser tel ikkje, og røysta vert rekna som ikkje avgjeven. Dette gjeld ikkje personval.
6. Ved personval skal det til vanleg vere skriftleg avrøysting, og alle røyser, også blanke røyser, skal protokollerast. For å bli valt, må ein kandidat ha minst halvparten av dei avgjevne røystene, blanke røyser irekna.
7. Framlegg og vedtak vert førde inn i møteboka, med talet på avgjevne røyser for og mot.
8. Forretningsorden skal følgje sakspapira til kvart årsmøte.